

Spørsmål til ordfører i Alver formannskap 09.11.23:

25.06. 20 stilte underteikna følgjande spørsmål i Alver kommunestyre til ordfører:

*«Vi har fått fleire innspel frå innbyggjarar i Alver kommune som er plaga av forsøpling i bustadområde. Det gjeld spesielt grunneigarar som opplever at nabo har mange gamle bilar/bilvrak ståande på si tomt over lang tid, opp til fleire år. Dette er ei miljøutfordring, og er også både skjemmande og visuelt forureinande. For nokre innbyggjarar er dette så krevjande at det går på helsa laus. Etter det eg kjenner til har Alver kommune mottatt klager på denne type problemstillingar utan at det har ført til betring.*

*Spørsmålet mitt er: Korleis følgjer Alver kommune opp denne type saker, og har ein sett på kva måte andre kommunar i Bergensområdet handterer denne type utfordringar?»*

Svar frå ordfører i kommunestyret 25.06.20:

*«I Alver kommune er det avdeling for Miljø og tilsyn som følgjer opp saker som gjeld forsøpling. Dette er ei nyoppretta avdeling i Alver, som mellom anna jobbar i samarbeid med NGIR, miljøretta helsevern og brannvesenet. Vi er kjent med at ansvar og oppfølging av denne type saker er ulikt handtert i omeignskommunane. Miljø og tilsyn har aktiv oppfølging med denne type saker, og i fleire av dei er det no gitt pålegg om opprydding, og det blir gitt tvangsmulkt dersom opprydding ikkje er gjort og meldt tilbake til kommunen innanfor den fristen som er satt i vedtaket.»*

Over tre år etter svaret frå ordfører er gitt, kan eg konstatere at lite har skjedd på dette området. Kommunen har etter det eg kjenner til i einskildsaker gitt pålegg om opprydding og varsla tvangsmulkt dersom det ikkje blei gjort.

Opprydding har likevel ikkje skjedd – heller tvert imot. Utfordringa har blitt endå større. Min konklusjon basert på konkrete døme er at kommunen har ikkje hatt ei aktiv oppfølging av denne type saker, noko som har vore til stor belastning for naboar og miljø.

Eg må på bakgrunn av det stille følgjande spørsmål:

Korleis vil kommunen no følgje opp denne type saker, og vil ordfører sjå til at pålegg om opprydding faktisk blir gjennomført?

Frekhaug 07.11.23

Nils Marton Aadland (H)